

Saksbehandlar: Anne-Lene Norman, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 17/1746-3

Program for folkehelsearbeid 2017

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune søker om å bli programfylke for folkehelse i kommunane i Sogn og Fjordane.
2. Regionalt samarbeid i prosessen er sett på som ein fordel frå Helsedirektoratet si side. Sogn og Fjordane fylkeskommune samarbeider med Hordaland fylkeskommune i programarbeidet. Denne prosessen vil gje avklaring på om vi sender ein felles søknad om midlar til dei to fylka, eller om det er mest tenleg med to separate søknadar.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere søknad til Helsedirektoratet.

Vedlegg: Regelverk for tilskotsordning

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Helsedirektoratet viser til statsbudsjettet for 2017 der det vert sett av 42,1 millionar kroner til ei ny tilskotsordning «Tiltaksutvikling for Program for folkehelsearbeid i kommunane».

Helsedirektoratet har invitert alle fylkeskommunane i landet til å søkje om midlar til utvikling av lokale tiltak for å styrke kommunane sitt arbeid med å fremje innbyggjarane si helse og livskvalitet.

Barn og unge er ei prioritert målgruppe for tilskotsordninga. Det er tenkt at alle fylke skal innlemmast i tilskotsordninga i løpet av tre år. Fylkeskommunen kan søkje om tilskotsmidlar for ein periode på 3 til 5 år.

Venta årleg tilskot vil vere mellom 5 og 10 mill. kroner per fylke. Dette vert utbetalt årleg dersom Stortinget held fast på ordninga.

2. Bakgrunn for saka

Helsedirektoratet har sett som vilkår at vedtaket om å søke midlar til Tiltaksutvikling for Program for folkehelsearbeid i kommunane skal vedtakast i fylkestinget. Dette vedtaket må vere fatta før søknaden vert sendt Helsedirektoratet.

Målet for tilskotsordninga med å styrke arbeidet for god livskvalitet og psykisk helse, med særleg søkjelys på barn og unge, er i samsvar med Regional plan for folkehelse 2015-2025 (vedteken av FT 16.06.15). Dette vert spesielt understreka i Handlingsprogrammet, satsingsområde 3: Helsefremjande oppvekstmiljø i heim, barnehage og skule.

3. Vurderingar og konsekvensar

Fylkeskommunen har det koordinerande ansvaret for programarbeidet i fylket, for årleg status- og sluttrapport og for rekneskapsrapportering.

Helsedirektoratet skal utarbeide mal for årlege status- og økonomirapporteringar.

Det er ikkje avsett midlar i programmet til støtte for fylkeskommunen si rolle og ansvar i programarbeidet.

Programarbeidet er omfattande og mangslunge, det krev at personalressursar vert sett av til arbeidet. Eit samarbeid med Hordaland vil truleg vere ein fordel, då vår fylkeskommune har avgrensa personalressursar til arbeidet.

4. Konklusjon

Tiltaksutvikling for Program for folkehelsearbeid i kommunane er eit satsingsområde som samsvarar godt med Regional plan for folkehelse 2015-2025, spesielt satsingsområde 3 i Tiltaksplanen.

Helseovervakingsdata syner også at eigenopplevd helsetilstand for unge kan vere ei utfordring i Sogn og Fjordane - som i resten av landet.

Det er såleis ei relevant satsing at Sogn og Fjordane fylkeskommune søker Helsedirektoratet om midlar som kan styrkje barn og unge sin livskvalitet.

I eit samarbeid med Hordaland fylkeskommune vil det verte klargjort om fylka kan samlast om ein felles søknad, eller om vi sender kvar vår.

På grunnlag av oversiktsarbeidet i kommunane skal vi utvikle program/prosjekt for å styrke barn og unges livskvalitet og psykiske helse på ein måte som vert opplevd som relevant for alle/dei fleste kommunane i fylket. Overordna mål for fylket sitt programarbeid skal formulerast i samarbeid med kommunane. Dette skal vere fundert i Regional plan for folkehelse og oversiktsarbeidet i kommunane/fylket. Prosjekt og tiltak i programmet skal evaluerast av forskingsmiljø.

Det skal etablerast eit regionalt samarbeidsorgan og mandat for dette. Det skal utarbeidast kriterium for val av kommunar og tiltak. Plan for samarbeid med kommunar i utarbeiding og oppfølging av tiltak skal utarbeidast. Plan for samarbeid med forskings- og kompetansmiljø skal utarbeidast. Plan for kvalitetssikring av at tiltak er kunnskapsbaserte og, så langt råd, er tilrettelagde for evaluering skal lagast. Tidsplan for arbeidet skal settast opp.